

# RAPPORT

Til: Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
 Frå: Rune Fromreide, IN Sogn og Fjordane  
 Dato: 23.02.2016  
 Vedk.: **ÅRSRAPPORTERING TIL SOGN OG FJORDANE FYLKESKommUNE - 2015**

## 0 GENERELT

Denne rapporten inneheld alle verkemiddel som er løyvd av Innovasjon Norge (IN) til personar/bedrifter i Sogn og Fjordane i 2015.

Sum løyvingar (i 1000 kr):

Verkemiddel	2013	2014	2015
Tilskot	106 914	108 683	123 112
Lån/garanti	246 595	265 300	194 900
Rentestøtte for lån	96 962	95 880	87 446
<b>SUM</b>	<b>450 471</b>	<b>469 863</b>	<b>405 458</b>

Det var stor etterspurnad etter IN sine verkemiddel i første halvår 2015, mens i andre halvår var aktiviteten lågare. Det samla forbruket var 14 % lågare enn i 2014, og det skuldast mindre etterspurnad etter lån. For tilskot er det ei auke i løyvingar på 13%.

## 1. LØYVINGAR ETTER VERKEMIDDEL

Denne statistikken er inndelt som følgjer:

- Regional utvikling kap. 551.60 og 61
- Bygdeutviklingsmidlar (IBU-midlar)
- Andre landsdekkande verkemiddel

### Regional utvikling

Sum løyvingane av dei regionale utviklingsmidlane, Kap 551.60 og 61 (sum i 1000kr):

Verkemiddel	2013	2014	2015
Risikolån*	38 950	27 000	43 200
Distriktsutviklingstilskot	32 973	32 801	20 202
Garanti for lån*	1 900	3 300	0
Etablerartilskot	1 307	6 035	7 300
Kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift (post 61)	5 839	7 370	9 565
<b>SUM</b>	<b>80 969</b>	<b>76 506</b>	<b>80 267</b>

\* Risikolån utgjer 6,5 mill. kr i tapsfond i 2015 som må takast av tilskotsmidlane.

## Bygdeutviklingsmidlar, IBU-midlar

Sum løyvingane av bygdeutviklingsmidlane (sum i 1000 kr):

Verkemiddel	2013	2014	2015
Tilskot	39 392	39 690	39 835
Rentestøtte	96 962	95 880	87 446
<b>Sum</b>	<b>136 454</b>	<b>135 570</b>	<b>127 281</b>

## Andre landsdekkande verkemiddel:

Sum løyvingane av andre verkemiddel (sum i 1000kr):

Verkemiddel	2013	2014	2015
Marknadslån	182 095	235 000	121 700
Landsdekkande risikolån	23 650	0	30 000
Landsdekkande innovasjonsprosjekt (tilskot)	0	0	3 120
Landsdekkande etablerartilskot	0	300	7 455
Reiseliv, profilering og kompetanse			806
Miljøprogrammet (tilskot)	8 260	2 730	7 185
Offentlege forskings- og utviklingskontraktar (tilskot)			450
Industriell forskings- og utviklingskontraktar (tilskot)	9 556	7 304	5 736
Administrasjonstilskot såkornfond	1 000	1 050	1 075
Marin bioteknologi (tilskot)			1 420
Nasjonale tiltak, regional utvikling (tilskot)	1 463	3 190	11 477
Bioenergi-midlar (tilskot)	930	50	250
Trebasert innovasjonsprogram (tilskot)	3 570	302	600
Matprogrammet/lokalmat og grønt reiseliv (tilskot)	1 720	4 110	6 490
Sentrale BU-midlar (tilskot)	240	0	0
Marint innovasjonsprogram	484	3 601	145
Diverse tilskot	180	150	0
<b>Sum</b>	<b>233 148</b>	<b>257 787</b>	<b>197 909</b>

## 2. LØYVINGAR INNDELTE ETTER BRANSJE

Løyvingar etter bransje (i 1000 kr)

Bransje		Tilskot	Lån og garanti	Rentestøtte for lån	Sum
Landbruk og skogbruk	2013	37 528	15 565	88 957	142 050
	2014	37 041	4 950	95 280	137 271
	2015	38 425	0	87 446	125 871
Fiskeflåte	2013	200	115 980	0	116 180
	2014	0	192 000	0	192 000
	2015	0	78 200	0	78 200
Havbruk	2013	11 466	49 000	0	60 466
	2014	3 135	2 500	0	5 635
	2015	14 195	10 000	0	24 195
Industri og bergverk	2013	27 965	46 300	2 300	76 565
	2014	26 772	55 850	600	83 222
	2015	31 284	25 200	0	56 484
Bygg og anlegg	2013	3 810	0	0	3 810
	2014	1 713	1 000	0	2 713
	2015	20	0	0	20
Reiseliv	2013	9 240	0	5 705	14 945
	2014	10 271	0	0	10 271
	2015	13 977	21 500	0	35 477
Andre tenestytande næringer	2013	10 776	19 750	0	30 526
	2014	22 216	9 000	0	31 216
	2015	17 381	60 000	0	77 381
Andre bransjar, uspesifisert	2013	2 540	0	0	2 540
	2014	445	0	0	445
	2015	861	0	0	861
På tvers av bransje	2013	3 389	0	0	3 389
	2014	7 090	0	0	7 090
	2015	6 468	0	0	6 968
<b>Sum</b>	<b>2013</b>	<b>106 914</b>	<b>246 595</b>	<b>96 962</b>	<b>450 471</b>
	<b>2014</b>	<b>108 683</b>	<b>265 300</b>	<b>95 880</b>	<b>469 863</b>
	<b>2015</b>	<b>123 112</b>	<b>194 900</b>	<b>87 446</b>	<b>405 458</b>

69 verksemder i 19 av kommunane i fylket har fått investeringsstøtte til tradisjonelt landbruk i 2015. Jamført med dei siste åra er det ein sterk auke i satsinga på frukt og bær. På 33 gardsbruk har Innovasjon Norge støtta etablering av felt for nye og marknadsretta sortar i hagebruket på til saman 218 daa. 36 drifts-bygningar for husdyr har fått investeringsstøtte, av desse er 14 fjøs for mjølkekyr, 16 for sau, 4 for storfekjøtt og 2 for andre produksjonar/kombinert husdyrhald. Dei samla investeringane for desse er berekna til på 138 mill. kr, som er noko lågare enn dei siste åra.

Det er ein kraftig nedgang i lån til fiskeflåten i 2015. Flåtesida har i 2015 vore prega av konsolidering og avventar ytterlegare struktureringsmulegheiter. På den andre sida så kan havbruksnæringa vise til høgare aktivitet, og det er finansiert fleire prosjekt som gjeld utvikling innan nye artar, utvikling av nytt utstyr, tenester til næringa og dyrking av marine makroalger (tare).

Løyvingar til reiselivsnæringane har også auka i 2015. Det har vore satsa mest på opplevings- og aktivitetsturisme i tillegg til bedriftsnettverk som har som mål å styrke bedriftene si lønnssemnd gjennom samarbeid om å tilby pakkar av opplevingar. For dei tenesteytande næringane har hovudtrenden dei

siste åra vore auka aktivitet, og for 2015 kan ein også vise til framgang. Det er IKT og forretningsmessig tenesteyting som dominerer i denne bransjen som er viktig av di den er attraktiv for ungdom.

Samla støtte til industri/bergverk er redusert, men tilskotsløyvingane har auka med 17 %. I 2015 er det finansiert ei rekkje gode, innovative tiltak innan eit mangfald av industrinæringar.

Sjølv om størsteparten av midlane går til enkeltbedrifter er det auke i løyvingane til fleirbedrifts – og samarbeidsprosjekt. Det gjeld etablerarkurs, utgreiingar, nettverk og kompetansetiltak.

### 3. LØYVINGAR FORDELT ETTER PRIORITERT MÅLGRUPPE (i 1000 kr)

Målgruppe	Tilskot	Lån og garanti	Rente-støtte lån	Sum	
Kvinner	2013	43 105	80 890	19 192	143 187
	2014	33 463	114 500	28 175	176 138
	2015	38 593	8 500	33 004	80 097
Ungdom	2013	9 754	14 750	3 562	28 066
	2014	15 580	7 150	13 712	36 442
	2015	15 333	11 500	17 945	44 778

Det er ein nedgang i samla løyvingar til kvinneretta prosjekt i 2015. Det skuldast kraftig reduksjon i tilsegn om lån. Når det gjeld tilskot som er det sterkaste verkemiddelet, er det likevel ei god auke. Men vi nådde ikkje målet om 40% til kvinner.

Samla støtte til ungdom kan vise til auke.

#### 4. LØYVINGAR FORDELT ETTER GEOGRAFI (i 1000 kr)

Kommune	Tilskot	Lån/garanti	Rentestøtte	Sum
1400 Fylket	6 509			6 509
1401 Flora	13 130	38 500	4 927	56 557
1411 Gulen	3 777	17 500	6 621	27 898
1412 Solund	4 845			4 845
1413 Hyllestad	1 357	1 500	1 760	4 617
1416 Høyanger	3 141	15 000		18 141
1417 Vik	5 347		6 926	12 273
1418 Balestrand	2 351		400	2 751
1419 Leikanger	875		1 095	1 970
1420 Sogndal	11 882		1 615	13 497
1421 Aurland	6 068	2 000		8 068
1422 Lærdal	2 239			2 239
1424 Årdal	799			799
1426 Luster	7 310		7 389	14 699
1428 Askvoll	1 748	27 200		28 948
1429 Fjaler	5 831		6 880	12 711
1430 Gaular	5 981		11 884	17 865
1431 Jølster	3 508		8 255	11 763
1432 Førde	7 863		11 169	19 032
1433 Naustdal	80			80
1438 Bremanger	1 087			1 087
1439 Vågsøy	13 072	9 500		22 572
1441 Selje	1 835	1 200	1 675	4 710
1443 Eid	2 420	60 000	1 653	64 073
1444 Hornindal	1 683		900	2 583
1445 Gloppen	4 308	2 500	6 497	13 305
1449 Stryn	4 066	20 000	7 800	31 866
<b>Sum</b>	<b>123 112</b>	<b>194 900</b>	<b>87 446</b>	<b>405 458</b>

Bedrifter i alle kommunane har fått støtte. Sogndal, Vågsøy og Flora fekk mest tilskot, og dei største låneløyvingane gjekk til bedrifter i Eid og Flora. Årdal og Naustdal er dei kommunane som kom dårlegast ut i 2015 med samla støtte på under 1 mill. kr.

#### 5. AKTIVITET I IN SOGN OG FJORDANE I HØVE FYLKESKOMMUNEN SINE FØRINGAR I OPPDRAGSBREVET.

##### Fleire gode gründerar

IN sitt seminar «Frå Ide til marknad» vart introdusert i 2015 med 7 samlingar i løpet av året og med totalt 70 deltakarar. Dette er IN sitt tilbod til tidlegfase-gründerar, og er eit seminar der vi introduserar målgruppa for forretningsmodellering, Lean startup (smidig oppstart) og gir informasjon om etablerartilskotsordninga vår. IN har også vore med og utarbeidd opplegget for den nye etableraropplæringa i fylket.

Gründerdagen Z vart gjennomført 13 mai i tilknytning til næringslivsdagane og i samarbeid med Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, Ernst & Young, Fjordinvest og SNU. Målsetning med dagen er

fagleg oppdatering, inspirasjon, samt å sikre ein møteplass for gründerar til nettverksbygging. Det kom ca. 70 deltakarar representert frå heile fylket.

Det er gjort endringar i IN sitt etablerartilskot ved innføring av ein tydlegare faseinndeling med marknadsavklaring (fase 1) og kommersialisering (fase 2). Til saman vart det innvilga 15,8 mill. kr i etablerartilskot i 2015 (6,3 mill. kr i 2014) til 48 nye prosjekt med vekstpotensiale.

### **Fleire vekstkraftige bedrifter**

Bedrifter med vekstambisjonar er prioriterte i Innovasjon Norge sitt mobiliseringsarbeid. Fylket har lav del verdiskaping/sysselsetting innanfor næringane me definerer som kunnskapsintensiv tenesteyting og IKT i forhold til landsgjennomsnittet. På landsbasis er det desse næringane som har vokse sterkast dei siste 10 åra, så det er svært uheldig å ikkje få ta del i denne veksten.

IN har gjennom dei seinare åra aktivt brukt kompetanseprogram og finansieringsvirkemiddel for å stimulere til auka verdiskaping og sysselsetting innanfor desse næringane, og ser i dag at fleire av bedriftsmiljøa i fylket innanfor desse næringane hevdar seg nasjonalt og fleire har internasjonale vekstambisjonar. Ei spanande satsing er datasenterprosjektet til Lefdal Mine Datasenter AS som fekk 62,5 mill. kr i lån frå IN i 2015.

### **Fleire innovative næringsmiljø**

IN Sogn og Fjordane har i 2015 oppmoda bedriftene til meir samarbeid. Dette har ført til sterk auke i bruk av verkemiddelet «Bedriftsnettverk» som er ein ordning som skal bidra til etablering av strategisk og kommersielt samarbeid mellom bedrifter. Vi har støtta i alt 11 bedriftsnettverk innanfor ulike bransjar med totalt 4,2 mill. kr i tilskot. Dette er ei kraftig auke (127 %) i høve 2014.

### **Reiseliv**

IN Sogn og Fjordane har ansvar for Aktørprogrammet som eit av tre delprogram i Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane 2010 – 2025. Målet for arbeidet er å bidra til auka verdiskaping i reiselivsbedriftene i fylket. Satsinga vert koordinert med Innovasjon Norge si reiselivssatsing nasjonalt, innanfor dei tre arbeidsområda; entreprenørskap, vekst i bedrifter og innovasjonsmiljø. Tenestene IN tilbyr er rådgjeving, kompetanse, nettverk, profilering og finansiering.

Samhandling og nyskapande produktutvikling er hovudfokus for den bedriftsretta reiselivssatsinga i Sogn og Fjordane, med tre prioriterte tiltak: bedriftsnettverk for tematiserte opplevingskonsept, tilrettelegging av årleg nettverksarena, samt profilering og finansiering av IN sine kompetanseprogram for reiselivsnæringa.

I 2015 har IN finansiert fleire nye nettverk i forstudie- eller forprosjektfasen, der hovudtyngda av desse er i Sogn. Felles er målet om nye og marknadsretta produkt med auka fokus på profesjonalisering av salsarbeidet. Dei fleste nettverka er aktivitetsbaserte. Vi ser at viljen til samarbeid er aukande i bransjen.

I november 2015 vart konferansen Fjordane frå bre til hav arrangert i eit samarbeid mellom IN, Fylkeskommunen, Sparebanken Vest, Fylkesmannen og NHO Reiseliv. Tematikken gjekk på berekraft og opplevingar i reiselivet som grunnlag for nytenking og vekst. Det var mange påmeldte frå mange sektorar av reiselivet.

Når det gjeld større engasjement i 2015, har IN gjeve lånetilsegn til etablering av gondolbane frå Loen til Hoven med mål om ulike heilårsaktivitetar i Loen. I tillegg bidrog IN til gjennomføring av tematisert seminar rundt sykkelturnisme i august 2015 der næringa sjølv sto som initiativtakar/arrangør. Sykkelturisme er i sterk vekst og er eit prioritert satsingsområde både i IN og i NCE Tourism. Utfordringa er å spisse og pakke dette til kommersielt attraktive produkt. IN deltok også finansielt til gjennomføring av 6 kurs for reiselivet i 2015

## **Energi og miljø**

IN har delteke i arbeidet med å få etablert eit forum for grøen energi i Sogn og Fjordane. Vi har vore særleg opptekne av at eit slikt forum må vere styrt av aktørar frå næringslivet med det offentlege som ein viktig bidragsytar. IN har bidrege med støtte til etablering av eit bedriftsnettverk beståande av bedrifter frå Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

På kompetansesida har det vore gjennomført eit FRAM-program for leverandørbedrifter med energieffektive løysingar til bygg. Deltakarbedriftene kjem frå både Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.

IN har også bidrege med finansiering til fleire spennande miljøprosjekt. Innanfor Miljøteknologiordninga har vi delteke med finansiering i 5 prosjekt der målet er utvikling av ny miljøvenleg teknologi.

## **Kommuneretta arbeid**

IN er rådgjevar for førstelinetenesta i kommunane når det gjeld handtering av kommunale næringsfond. Det har vore gjennomført opplæring for kommunane i moderne entreprenørskap, Lean Startup og sakshandsaming av næringsfondssaker.

IN spelar også ei viktig rolle i arbeidet med dei kommunane som vert definert som omstillingskommunar. Dette gjeld Askvoll, Hyllestad og Lærdal. Vi tilbyr verktøy og tenester som skal hjelpe til med å oppnå eit meir robust næringsliv og gjere kommunane meir attraktive for næringslivet. Hyllestad avslutta som omstillingskommune ved utgangen av 2015, og det skal leverast ein sluttrapport i løpet av 2016.

## **Sjømatnæringane**

Oppdrett av laks og aure opplever betydelege utfordringar med lus og sjukdom. Problema har vore, og er, spesielt store i vårt fylke. IN har i 2015 finansierte utviklingsprosjekt for å redusere problemet med lus og sjukdom i laksenæringa. Dette omfattar mellom anna utvikling av nye behandlingskonsept, samt utvikling av ulike løysingar på lukka oppdrettsteknologi. IN har vidare bidrege med finansiering og rådgjeving i samband med utvikling av nye marknader for sjømatprodukt frå fylket. Våre utanlandskontor har hatt ei sentral rolle i desse prosjekta.

Sogn Aqua AS som driv med landbasert oppdrett av kveite på Høyanger sørsida, sette seinhausten spaden i jorda for ei storstilt satsing på nytt produksjonsanlegg i Ortnevik. Prosjektet vil sette selskapet i stand til ei kraftig auke i produksjonen av kveite. IN har vore med i utviklinga av Sogn Aqua AS over lang tid og bidrege med 10 mill. kr i risikolån til dette prosjektet.

Flåtesida har i 2015 vore prega av konsolidering kor dei fleste aktørane både på kyst og hav har sete på gjerdet i påvente av ytterlegare struktureringsmulegheiter. Dette har medført relativt liten etterspurnad etter finansieringstenester.